# *Fortellinga om*
# *Nille Olemekalsdtr Mallasvik og*
# *sonen Lars Andreas Anderson Mallasvik*



*Lars var skomakar*



*Biletet: Utlån frå Kolbjørn og Hillaug Mallasvik*

*Lars henta mor Nille til USA i 1924, ho var då 64 år gammal.På dette biletet er ho nok i 80-åra.*

*Opplysning om kva tid Nille og Lars døydde;*

Name: **Nelle Olemikal Mallasvik f. 1860 i Mallasvika**
Death: 5 Jan 1948 – Ramsey 88 år gml
Name: **Lars A. Mallasvik**
Birth: 28 Aug 1888 i Bergen.
Death: 14 Feb 1959 – Hennepin 71 år gml

*Opplysn.frå Ancestry.com*

*Fortalt i 1991 av Inga Bergitte Olsdtr.. Horstad*
*f. Kringlen i 1899.*
*Inga voks opp på Kringla,*
*nabogarden til Mallasvika bnr 2, der*
*Nille(Nele) Olsdtr Mallasvik voks opp.*
*Desse to var besteveninner og brevveksla også etter at*
*Nille utvandra i 1924 til sonen Lars i USA.*
*Ved utvandringa i 1910 var han oppgjeven å vere skomakar.*
*I fylgje Inga gav Lars Andreas Andreassen ca 13000 kr*
*til Naustddal Aldersheim i takksemd til minne om mor si.*
*Ei stove på heimen vart oppkalla etter henne: Nille-stova.*
*Eit bilete av Lars heng på veggen der.*
*Hans rette namn skal etter utvandrarprotokollen vere*
*Skomakar Lars Andreas Andreassen.*

*Nille fekk sonen Lars Andreas i Bergen 28/8-1888 utanfor ekteskap. Far er ikkje oppgitt, men i folketelling 1900 og utreiseprotokollen i 1910 er Lars kalla Lars Andreas Andreassen*

*Opplysningane er innhenta av Bjarne Øyra.*

*Etter desse opplysningane vert fortellinga*
*om Lars og mora Nille , om mogleg, endå meir gripande.!*
*Sigmund Svoen*

*Fortellinga er skriven for hand av Inga sjølv 92 år gml.Den fortel noko om kåra for småkårsfolk på den tid då ein straum av naustedøler utvandra til Amerika.*

Døypte i Bergen 1816-1894

| | År | Døypt | Kyrkje/sokn | Merknad |
|---|---|---|---|---|
| 70326 | 1888 | 0909 | Korskirken | Mor U.Tjenestepige Fødsestiftelsen |

| | Rolle | Førenamn | Etternamn | Kjønn | Bustad | Fødd | Fødd år | Ekte/uekte |
|---|---|---|---|---|---|---|---|---|
| **210348** | **Barn** | **Lars Andreas** | | **m** | | **2808** | | **u** |
| 210349 | Far | | | | 20-20 | | | |
| 210350 | Mor | Nilla Marthea | Olsdtr. Maldesvig | | | | 1860 | |

# *Det blir fortalt*

*at folket i Mallasvik og Kringla bar 100 kgs bører på ryggen frå sjøen og heim til gards.*
*Foring til dyra vart også hausta i fjell-skårene opp til høgre på biletet.*
*I seinare tid tok dei høyet ned på løypestreng.*
*Olmekal og Nille bar nok for det meste i børar på ryggen.*

*Mallasvika og Kringla i 2007* *Foto: Sigmund Svoen*



Soga om Helle og Ole-Mikkal Haldorsen, og
Ole-Mikkals far Haldor Mallasvik frå 1860 åra

Haldor Mallasvik var Båtbyggar, og dette arbeidet sitt
holt han på med i eit Naust i Mallasvik-Vikja.
Han skulle vare ein flink og flittig mann, og hamring
og lamring skulle høyrasat frå Vika, langt etter han
var borte, vart fortalt. Ovtru var ikkje langt borte før i tida.
Bruka i Mallasvika var både bakket og hamrek, så åker
lappane vart nokk ikkje store, med korn og poteter.
Men dei slo mykje godt høy oppi fjellet, og så under
fjellet, dei hadde kvar sine teigar desse to bruka i Mallasvik
Dei hadde Løypestreng frå fjellet, så dei sende høybørane
ned frå fjelle sålis, dei slo mykje for dir til både
sauer og andre ungdyr på garden.
Der vaks opp mange born i Ole-Mikkal-tunet.
Noken av desse borna gjekk på skulen, på same tid
som min mor og far, Ole Danielsen, og Anne Kringlen
Anne Kringlen var fødd 1862, og Ole i 1863. Sålis måtte ve
desse borna i Mallasvika noke i same alder, skulen var
på Sala, og læraren var han Skule-Elias Holmeseth.
Desse Ole-Mikkal borna gikk fluire i ålag i skulen, og til
nóstemat var det graut og mjølk i ein Ambar.
Denne graut-Ambaren vart nokk fortidleg tom, borna
slost med skeiene sine om graut-klumpane.
Men om Jula, då fekk dei nokk mat med store kjøtstykker
til kvar, og då vart det nokk litt att, til neste dag. Men dette
vart omhyggjeleg merka, kvart, og kvart stykkje, og vart
lagt på eit stort trefat, og sett på Stove-beten. Borna
vaks opp alle, og var friske. Dei brukte også mykje Brisling

2

Det var fortalt att dei brukte 11 tunnar Brisling for året, men det måtte no vere mindre tunnor, enn vanleg, men dei skulle vere 11 stykk om bordet var fortalt. Etter kvart att borna vart vaksne reiste dei til Amerika; Men ei Stygg ulukke hende der hos dei, han Ole-Mikkal skulle opp på taket, og ta eit ein drape, som dei sa før, då han skulle gå nedatt i Stegen rapa stigen, og Ole-Mikkal fall med hove ned på ein kvass ting, og han døydde. Dette vart forferdeleg trist, att så skulle hende. Men då var no all vaksne opp, og så reist til Amerika, aint em Nille, ho var heime, ho hadde då ein gut, men var ikkje gift, guten heitte Lars. Der var ei av jentene som heitte Birte, som også var reist til Amerika, der vart ho kjent med ein gut, som var frå Naustdal, det var Steffen Horstad, Ekrenen dette paret gifte i Amerika Men desse to kom att frå Amerika, og fekk seg eit stykkje, rett oven for der lærar Erdal budde, dette vart kalt Jara. Birte var flink, ho hadde lært og stive og stryke i Amerika, Ho var svert flink, ho vaska, og stiva til alle mannfolk i Naustdals bygda, ja stiva også Prestekragen, og alt dette med Koljarn. Men alt så reint og fint, så det er ikkje å tru. Men Steffen vart tidleg dårlege nervane, så det blei hart for Birte. Men tida gjekk og begge blei gamle, også sjuke, først døde Steffen, og berre eit par dagar etter døydde Birt, så dei vart begravd begge på ein dag.

I Mallasvika stelte no Nille med si mor og son Lars til han også for til Amerika.

3

Då Helle vart Enke, måtte ho selge garden.
Den som kom og kjøpte garden var Anders Nelsen
Segrov, f. 1861, og kona Oline Andersdtr. Årdal f. 1847
Ho var frå Nesa brn. 10 Årdal Indre, begge frå Jølster
dei var gift 1886. (Desse tall og navn er frå Jølstrasoga
Anders og Olina tok då til og byggje seg hus på garden
Helle fekk Kår hos Anders og Olina, men då ho var
Enke blei det berre eit halvt Kår, med ei kyr,
og alt det andre som fulgte med, som vanleg i den
tida, der var ingen trygd då. Men dei var likevel 2 som
måtte leve av dette, då Nille måtte være heime med si
mor, Helle vart sjuk, eg husker godt ein dag mor sende
meg ned ei ærend til Nille, og då låg Helle i senga, helt
hjelpelaus, uten og kunne røre ein finger, men ho høyrde
og snakka, og sa då kor Nille var heime. Nille prøvde
og skaffe seg for til ei kyr, i tillegg til den kyra hennar
mor hadde i kår. Nille slo litt under fjellet, der dei andre
ikkje slo, og så fekk ho sanke så mykje godt lauv hos far
frå Kringla, der vakse så masse Lauvskog der ute millom E. løtrain
dette Lauvet tørka ho, så ho styra felt på, var også på bærplukking
opp i Tølsbakkane, som ho selte, og fekk nokon kjærkomne kroner.
Eg var ofte hos Nille, ho var min Gudmor, og Anders Mel-
lasvik var min Gudsfar, dette sette eg stor pris på. Anders
gav meg ein stol med armlenning, og pute i, ein veldig
pen stol. Anders var ein veldig flink snekker. i Gryllaups gave
Ja åra dei gjekk. Anders hadde bygde seg eit godt tømra
hus, med loft på. to stove med gang i mitten, den eine
stova, som den minste vart kalt Bua, denne til gjestrom.
også kjøkken, og spiskammers i gangen, mellom stovene
men dette huset trur eg har vore stelt litt med ofte sidan det første
i tiden

Anders og Olena fekk 4 born, Nikkolai, Johanne, Juditta og Anna. Nikkolai var ein tur til Amerika, for og tene pengar til og kjøpe garden med. Då Nikkolai kom att frå Amerika vart han gjent med Johanne frå Horstad dotter til Kristian. Og der stod bryllaup på Horstad, og Johanne flytte då til Mallasvik, og desse to tok då over garden etter sin far. Olena og Anders flytte då i dette gamle Kårhuset etter Helle, og Nille. Helle var vel forlenst borte då, og Nille hadde no fått ein job i Naustdala i pleie til ein gamal ufør mann Ole-Mikkal i Kviene, var det kalt, dette huset stod like ved det gamle bakeriet til han bakar-Ola. Denne gamle mann stelte ho til han døydde, ho vart der ei tid, men ho måtte no då reise derifrå, og då ho ikkje hadde nokon stad og bu lenge vare, tok sonen hennar Lars bort til Amerika til seg. og der fekk ho det godt, ho og eg hadde mykje brevveksling og eg fekk også billed av henne og Lars. Lars var ikkje gift. Lars har gitt ei stor gåve til Naustdal Alders og sjukeheim. Først fekk dei ein 5000 trur eg det vart, men då dei var døde begge kom der testamente på resten etter han, og eg trur det blei ein 13 tusen, (eller 11 tusen) vis eg ikkje husker feil, altså dette i samanlagt med den første gåva han sende. Der står eit fint billed av Lars og det norske flagg i daglegstova på sjukeheimen, dette til takk og minne.

Til bake til Olena og Anders Mallasvik, og det gamle Kårhuset. Der var 2 tømra stove, med stor gang i mitten, og eit kammers ved sida av Bua, som var den inste stova, den ytterstova var mala, med litt blålig farge. der var loft på huset. Der på Loftet budde der ei stund ei gamal jente som heitte Severena. Ho var no i arbeid hos forskjellige, med Flattbrød bakst. Ho var frå Jølster, og var til hjelp hos dei som trenge det. Då ho trengte pleie, fekk ho flytte til Vollen, til ei som tok henne og stelte ho til

Slutten

Anders Mallasvik var frisk, og sprek då han flytte
i Kårstova. Anders sette igang då for godt med snekring
i arbeidshuset, Dette huset stod rett ovenfor Kårstova.
Han driv og laga møblar, av mange slag, skap, bord
og stolar. Han var veldig flink. Mange var det som
nytta seg av hans arbeid. Eg også fekk skåp, som han
har laga. Dei runde borda hans, var helt fantastisk fine.
Eg fekk ein god stol hos han i bryllaups gåve, han
var no min Gudsfar, og det sette eg stor pris på.
Men åra dei gjekk, også for Anders. Det minka no litt
etter kvart med snekringa. Olina, kona hans vart
sjuk, og omsider gjekk ho bort. Men Anders levde
lengje etter henne, han vart 94 år.
Han var bra frisk lengje, men tok no alt med
ro, etter kvart. Men han var hukseg, og såg godt
uten briller, var sagt. Han sat mykje ved bordet
og las i Bibelen. Den Preste vi hadde då, han hadde
så god lyst av og snakke med Anders, han gjekk
ofte ut til han. Eg husksa kva Presten sa i avskjeds
tala han holt i Mallasvikja, før dei for til grava.
att han synte det var så kjekt og snakke med
Anders, han sa med ant, att eg skulle ønskje att eg
hadde hatt slekt godt huks, som Anders. Han Anders
sa til Presten, den siste gong en han var på besøk
hos han, „att vis dei høyrer att eg leve, med beste helse så ma dei
kama att." Ja no vart også Anders bort, men gode
minner er att etter Anders, han var så snill
og grei, både i heimen, og nabolaget. Vil ønskje Fred
over Anders sitt minne. Denne Soga frå Ole-Mikkaltunet
i Mallasvika, er skrive av Inga O. Horstad. Septbr. 1991.
f. Kringlen 1999.